



SAKSHANDSAMAR
Ingrid Melgård
Martine Magdalena Thodesen Sande

VÅR REF.
20/10870-10

DYKKAR REF.

VÅR DATO
15.05.2025

DYKKAR DATO

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Se mottakerliste

Otternes - 33/42 og delar av 33/1 og 33/3 - Vedtak om freding



Tunet på Otternes med innmarka. Foto Glenn Heine Orkelbog/Vestland fylkeskommune.

Vi viser til tidlegare utsende fredingsforslag for Åtnes/Otternes frå Vestland fylkeskommune, datert 8. november 2022, som har vore på høyring hos partar og instansar dette gjeld. På grunnlag av dette gjer Riksantikvaren følgjande vedtak:

Vedtak om freding

Riksantikvaren fredar Åtnes/Otternes, gnr./bnr. 33/42, samt delar av gnr./bnr. 33/1 og 33/3 i Aurland kommune. Fredinga blir gjort med heimel i lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) §§ 15 og 19.

Formålet med fredinga

Formålet med fredinga etter kulturminnelova § 15

Formålet med fredinga er å sikre og bevare Åtnes/Otternes, som eit kulturhistorisk og bygningshistorisk viktig døme på klyngetuna, der fleire bruk hadde samla bygningane sine i eitt felles tun.

Det er vidare vesentleg å ta vare på kulturhistoriske verdifulle uttrykk for den historiske utviklinga til tunstrukturen, bygningane og frukthagane.

Fredinga skal sikre enkeltbygningane, den innbyrdes samanhengen mellom bygningane samt kulturhistoriske verdiar knytt til tunanlegget.

Fredinga av eksteriøret skal sikre bygningane sin arkitektur. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa, som fasadeløysing, opphavlege/eldre vindaug og dører, materialbruk og overflater, skal bevarast.

Formålet er vidare å bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei deler av interiøra som er freda. Fast inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret.



Fredinga av grøntarealet kring husa skal sikre hagane i tunet som eit viktig døme på dyrking av frukt på Vestlandet i tida før utskiftinga av gardsbruka.

Formålet med fredinga etter kulturminnelova § 19

Formålet med fredinga etter § 19 av området kring tunet er å sikre verknaden av tunet i miljøet gjennom å føre vidare karakteren til anlegget av eit heilskapleg klyngetun med hagar og innmark slik det står fram med bøane som omgjev tunet i dag. Vidare er formålet med fredinga av området kring tunet å bevare vitskaplege interesser som knyter seg til det.

Omfanget av fredinga

Fredinga omfattar kulturminna og områda som er lista opp i tabellen og avmerkte på kartet nedanfor:



Kart som viser bygningane som er freda etter kulturminnelova § 15. Nummereringa av bygningane tilsvarar nummereringa i tabellen nedanfor.

Fredinga etter kulturminnelova § 15 omfattar:

Namn på objekt	Nr. i kart	Bygningsnummer	Kulturminne-ID	Omfang av fredinga*
Andersgarden gnr./bnr. 33/42				
Stovehus, Håkonstova	5	177247588	227439-1	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2, 1.3, 2.1 og 2.2 Fredinga av interiør omfattar ikkje: 0.1 (kjellarrom) og 1.4 (skot)
Eldhus	1	177247537	227439-2	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1
Stall og sauefjøs	2	177247545	227439-3	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2 og 1.3 Fredinga av interiør omfattar ikkje dei nyare materiala i rom 1.1.
Løe/ driftsbygning	3	177247553	227439-4	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2 og 1.3 Fredinga av interiør omfattar ikkje romma: 0.1 (kjellarrom), 1.4 og 1.5 (tilbygg)

<i>Namn på objekt</i>	<i>Nr. i kart</i>	<i>Bygningsnummer</i>	<i>Kulturminne-ID</i>	<i>Omfang av fredinga*</i>
Stabbur	4	177247561	227439-5	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1 Fredinga av interiør omfattar ikkje nyare fast innreiing i rom 1.1. Fredinga av interiør omfattar heller ikkje o.1 (kjellarrom)
Kårstove, Vetlastova	6	177247596	227439-6	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2, 2.1 og 2.2 Fredinga av interiør omfattar ikkje o.1 (kjellarrom).
Oddagarden gnr./bnr. 33/42				
Stovehus, Oddastova	7	177247642	227439-7	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.2 og 2.1 Fredinga av interiør omfattar ikkje den nye trappa og den nye vedkomfyren i rom 1.1. Fredinga av interiør omfattar heller ikkje romma o.1 og o.2 (kjellarrom)
Fjøs/sauefjøs	8	177247650	227439-8	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1

<i>Namn på objekt</i>	<i>Nr. i kart</i>	<i>Bygningsnummer</i>	<i>Kulturminne-ID</i>	<i>Omfang av fredinga*</i>
fortsetting av fjøs/sauefjøs				Fredinga av interiør omfattar ikkje den nyare fjøsinnreiinga.
Eldhus	9	177247634	227439-9	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1
Stabbur	10	177247626	227439-10	Eksteriør
Løe/ driftsbygning	11	177247618	227439-11	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2, 1.3 og 2.1 Fredinga av interiør omfattar ikkje nyare fjøsinnreiing i romma 1.1 og 1.2. Fredinga omfattar heller ikkje låvegolv i rom 2.1
Guttormgarden/Oppigarn gnr./bnr. 33/42				
Kårhus, Nystova	12	177247685	227439-12	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2, 1.3, 2.1 og 2.2 Fredinga av interiør omfattar ikkje rom 0.1 (kjellarrom).
Stovehus, Gjertrudstova	13	177247677	227439-13	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 0.1, 1.1, 1.2, 1.3, 2.1, 2.2 og 2.3 Fredinga av interiør omfattar ikkje den nyare kjøkkeninnreiinga i rom 1.3.

<i>Namn på objekt</i>	<i>Nr. i kart</i>	<i>Bygningsnummer</i>	<i>Kulturminne-ID</i>	<i>Omfang av fredinga*</i>
Stabbur	14	177247790	227439-14	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1
Eldhus	15	177247693	227439-15	Eksteriør
Fjøs til kyr	16	177247804	227439-16	Eksteriør
Løe/ driftsbygning	17	177247669 og 177255505	227439-17	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2, 1.3, 1.4 og 1.5 Fredinga av interiør omfattar ikkje den nyare fjøsinnreiinga i romma 1.4 og 1.5. Fredinga omfattar heller ikkje romma 0.1, 0.2 og 0.3 (kjellarrom).
Thomasgarden/Framigarn gnr./bnr. 33/42				
Stabbur/ kvernhus	18	12736916	227439-18	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 0.1 og 1.1
Stovehus, Linastova	19	177247797	227439-19	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2, 1.3, 2.1, 2.2 og 2.3 Fredinga av interiør omfattar ikkje romma: 0.1 (kjellarrom) og 1.4 (skot)

<i>Namn på objekt</i>	<i>Nr. i kart</i>	<i>Bygningsnummer</i>	<i>Kulturminne-ID</i>	<i>Omfang av fredinga*</i>
Stabbeløa	20	177247715	227439-20	Eksteriør
Stall	21	177247723	227439-21	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1 og 1.2 Fredinga omfattar ikkje dei nyare materiala i rom 1.2. Fredinga av interiør omfattar heller ikkje romma: 0.1 og 0.2 (kjellarrom)
Stabbur	22	177247731	227439-22	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2 og 1.3
Stovehus, Eilertstova	23	177247758	227439-23	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 0.1, 1.1, 1.2, 1.3, 2.1 og 2.2
Kårstove/ nystova	24	177247766	227439-24	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2, 1.3, 1.4, 2.1, 2.2 og 2.3 Fredinga av interiør omfattar ikkje 0.1 (kjellarrom).
Løe/ driftsbygning, Thomasløa	25	177247774	227439-25	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfattar romma: 1.1, 1.2, 1.3, 1.4 og 1.5

Namn på objekt	Nr. i kart	Bygningsnummer	Kulturminne-ID	Omfang av fredinga*
fortsetting av Thomasløa				Fredinga av interiør omfatter ikkje: 0.1 og 0.2 (kjellarrom/fjøs) eller 2.1 (høyloft)
Eldhus	26	177247782	227439-26	Eksteriør/interiør Fredinga av interiør omfatter romma: 1.1
Grøntområde gnr./bnr. 33/42 og deler av 33/3				
Grøntområde med frukthagar	-	-	227439-27	Området som merka av på kartet ovanfor

*Romnummerna i tabellen viser til planteikningane i vedlegget "Planteikningar".

For bygningar

Fredinga inkluderer hovudkonstruksjonane til bygningane og følgjande:

- eksteriør: hovudelement som fasade (komposisjon), materialbruk, overflater og overflatebehandling, i tillegg til bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, piper og detaljar som dekor mv.
- interiør: hovudelement som planløysing og rominndeling, materialbruk, overflater og overflatebehandling, i tillegg til bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, skorstein og detaljar som skilt og dekor mv.
- fast inventar som del av interiøret: til fast inventar reknar vi mellom anna vedomnar, peis og veggfaste hyller og skap.

For grøntanlegg/uteområde

Fredinga omfatter hagar med frukttre og bærbusker, stiar/vegar og mura konstruksjonar i tunet.

Fredinga etter kulturminnelova § 19 omfatter:

Namn på objekt	Nr. i kart	Kulturminne-ID	Omfang av fredinga
Område på deler av gnr./bnr. 33/1 og 33/3	-	227439-28	Området som merka av på kartet ovanfor.

For områdefredinga

Det freda området omfattar del av innmarka kring tunet og siktelinjer som bevarer verknaden av Otternestunet i miljøet og vitskaplege interesser knytt til tunet.

Føresegner i kulturminnelova som gjeld for dei freda kulturminna

Fredingsføresegna gjeld freda kulturminnes eksteriør og interiør og området slik dette er beskrive i fredingsomfanget, sjå avsnitt ovanfor. I tillegg til fredingsføresegna under gjeld kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18, 19 tredje ledd og 21. I tillegg gjeld forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven.

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga.

Kulturminne freda etter kulturminnelova § 15

1. Det er ikkje tillate å rive, skade eller flytte bygningane eller deler av dei.
2. Det er ikkje tillate å byggje om eksteriør eller interiør til bygningane. Unnateke frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 5.
3. Det er ikkje tillate å skifte ut bygningsselement eller materiale, forandre overflater eller utføre anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriør, interiør eller konstruksjonar på bygningane. Unnateke frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 5.
4. Alt vedlikehald og all istandsetjing skal skje med materiale og metodar som er i tråd med bygningen sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.
5. Fredinga er ikkje til hinder for tilbakeføringar til opphavsleg eller tidlegare utsjånad, eller tilbakeføringar av konstruksjonar og hagar, under føresetnad av at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturmiljøstyresmakta.
6. Utover ordinær skjøtsel er det ikkje lov å gjere endringar i hagane som vil kunne endre karakteren til anlegget i vesentleg grad. Det er ikkje lov å fjerne tre, buskar eller murar. Når det blir naudsynt å fornye tre, buskar eller staudar, skal same type nyttast og plantast på same stad. Tre som må fellast på grunn av sjukdom, skade eller alder, skal erstattast med så store tre som mogleg. Dersom dei gamle trea held på å gå tapt, bør det podast opp nye tre for å bevare genmaterialet.

Kulturminne freda etter kulturminnelova § 19

7. Innanfor det freda området må det ikkje verte sett i verk tiltak som kan forandre området sin karakter eller på annan måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for busetnad, anlegg, utviding av veg eller parkeringsplass, planering, utfylling og andre landskapsinngrep. Kulturmiljøstyresmakta kan gje løyve til etablering av nye landbruksvegar, dersom det er nødvendig for å oppretthalde landbruksdrifta og at dei vert tilpassa landskapet på ein god måte.
8. Fredinga skal ikkje vere til hinder for eksisterande gardsdrift. Omlegging av gardsdrifta som ikkje vil endre den visuelle opplevinga av og dei kulturhistoriske verdiane av det freda tunet, til dømes planting av bærbusker eller frukttre, treng ikkje løyve.

Dispensasjon frå fredinga

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve i forkant av alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald eller ordinær skjøtsel, jf. kulturminnelova § 15 a og § 19 tredje ledd. Like eins, oppstår det tvil om kva som blir rekna som vanleg vedlikehald eller ordinær skjøtsel, skal fylkeskommunen kontaktast på førehand.

Fylkeskommunen kan i særlege tilfelle gje dispensasjon, ev. på visse vilkår, frå vedtak om freding for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep.

Tiltak som eigar har fått dispensasjon til, vil i enkelte tilfelle også krevje løyve etter plan- og bygningslova. Eigar må avklare dette med kommunen.

Viss det i ein nødssituasjon må utførast strengt nødvendige tiltak, skal det takast kontakt med fylkeskommunen så snart som mogleg i etterkant.

Meir informasjon om dispensasjon, vedlikehald og skjøtsel finst i Riksantikvarens retningslinjer for dispensasjonsbehandling (sjå [Riksantikvarens nettsider](#)).

Tiltak som kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga

Vanleg vedlikehald / ordinær skjøtsel kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga:

For byggverk:

Med vanleg vedlikehald er det meint rutinemessig arbeid på byggverk for å halde ved lag tilstanden til kulturminna, for eksempel overflatebehandling og reparasjon av bygningselement i samsvar med opphavleg eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk.

For grøntområde/uteområde:

Med ordinær skjøtsel er det meint rutinemessig arbeid som er nødvendig for å halde ved lag ein ønskt tilstand, hindre forfall som kjem av slitasje, og som varetek formålet med fredinga. For eksempel klipping av plen, ugrasluking, gjødsling, vedlikehaldsklipping av buskar og tre, tynning i kratt og fjerning av død vegetasjon. Mindre reparasjonar av element i grøntanlegg/uteområde som trappeheller, murar og gjerde er å sjå på som vanleg vedlikehald og skal skje i samsvar med opphavleg eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk.

Vidareføring av eksisterande jordbruksdrift i området som er freda etter kulturminnelova § 19 kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga. Det same gjeld omlegging av gardsdrifta eller andre tiltak som ikkje endrar den visuelle opplevinga av og dei kulturhistoriske verdiane til det freda tunet, til dømes planting av bærbusker eller frukttre. I tilfelle ein er i tvil om tiltaket kan kunne føre til ei slik endring, bør eigar ta kontakt med fylkeskommunen i forkant av tiltaka.

Forvaltnings-/skjøtselsplan

Det bør i samarbeid med fylkeskommunen og landbruksforvaltninga i kommunen utarbeidast ein forvaltnings-/skjøtselsplan for dei freda kulturminna og det freda området. Forvaltningsplanen skal innehalde retningslinjer for bruk, vedlikehald og eventuell tilbakeføring. Forvaltnings-/skjøtselsplanen skal rullerast ved behov.

Grunngjeving for vedtaket

Kulturminna freda etter kulturminnelova § 15

Otternes har nasjonal verdi som eit særst godt døme på klyngetuna på gardane på Vestlandet. Dei store verdiane i tunet er knytt til tunet som ein representant for dei vanlege gardsbruka på Vestlandet i tida før det store hamskiftet i jordbruket. Tunet som heilskap representerer store kulturhistoriske verdier som kjelde til kunnskap om vår landbrukshistorie, bygningshistorie, materialhistorie, handverkshistorie og sosialhistorie.

I 1857 kom Lov um Jords og Skovs Udskiftning af Felledsskab som påla oppløysing av jordfellesskapet og utskifting av gardane dersom ein av brukarane kravde dette. Ei fylje av denne lova var at det vart sett i gang ei storstilt utskifting av gardane på Vestlandet. Utskiftinga av gardane førte også til at dei gamle klyngetuna vart oppløyst og bruka fekk samla jorda si kring eit nytt tun til kvart enkelt bruk. Dette førte til ei radikal endring av jordbrukslandskapet og tunskipnaden, og i dag er det svært få av dei gamle klyngetuna som står att. Otternes er eit av dei få klyngetuna med mange brukarar og bygningar der den gamle tunstrukturen, bygningar og frukthagar framleis er bevart, utan at det er kome nye bygningar i, eller tett på tunet. Dette gjer tunet til ei særst god kjelde til kunnskap om gardstuna i tida før dei mange utskiftingane.

Som bygningsgruppe har stovene av ulik alder, storleik og utforming ein høg kunnskapsverdi. Til saman viser dei til mangfaldet i stovetypar på 1700- og 1800-talet. Av særskild verdi er dei to stovene med halvlem, som i dag er ein sjeldan bygningstype som viser til overgangen frå røykomnstover til lemstover med peis/jernomn og pipe. Vidare har kårstovene med sine svært godt bevarte interiør frå 1800-talet ein høg kunnskapsverdi.

Stabbura med ulik alder og storleik viser korleis desse har blitt tilpassa ulike behov over eit langt tidsrom. Stabburet ved Linastova var tidlegare eit kvernhus som vart ombygd til stabbur då det ikkje lenger var hensiktsmessig å nytte det til kvernhus, noko som viser korleis ein har nytta dei tilgjengelege ressursane og gitt ny bruk til ein bygning som ikkje lenger var hensiktsmessig.

Eldhusa har ulik alder og er utført på ulik måte. Saman viser dei at eldhus var viktig på garden i eit langt tidsperspektiv og at ein så seint som i 1947 hadde behov for å føre opp eit nytt eldhus. Eldhusa gjev oss i dag kunnskap om drifta av garden knytt til konservering av mat i eit langt tidsperspektiv.

Dei bevarte stallane og den frittstående sauefjosen er gode dømer på bygningstypar som det i dag er få att av. Gardstuna i det førindustrielle samfunnet bestod av mange ulike bygningar som berre hadde ein funksjon. Stallane og sauefjosen gjev oss her kunnskap om dyrehaldet i tida før det store hamskiftet i jordbruket.

Lagring av fôr til dyra var svært viktig for å kunne berge dei over vinteren. Dei store løene/driftsbygningane er alle gode dømer på tidlege driftsbygningar med fleire funksjonar slik dei vart bygd og vidareutvikla på 1700- og 1800-talet. I tillegg til løedelen er det i løene/driftsbygningane til Oddagarden, Guttormgarden og Thomasgarden bevart delar av fjøsinnreiinga. Her er kyrafjosen i Thomasløa av særskild verdi, då interiøret her er særskild godt bevart.

Tunet er ei viktig kjelde til kunnskap om den tradisjonelle gardsdrifta på Vestlandet i tida før det store hamskiftet. Ved at både tunstruktur, bygningar, frukthagar og innmark er bevart er det ei viktig kjelde til kunnskap om dei ulike sidene ved gardsdrifta og levemåten i det førindustrielle jordbrukssamfunnet. Otternes var ein vanleg vestlandsgard og gjev såleis innsikt og kunnskap om korleis vanlege bønder levde tidlegare. Garden har ei lang historie som framleis er synleg i tunet då det består av bygningar frå 1700-talet og fram til 1947, noko som gjev oss kunnskap om korleis drifts- og levemåten endra seg over eit lengre tidsrom.

Fruktdyrking har ein lang tradisjon i Sogn og frå 1800-talet vart det vanlegare å dyrke frukt for sal. Dei tidlege frukthagane bestod av trær med store kroner som stod med god avstand frå kvarandre. Dette mogleggjorde dyrking i fleire høgder på same areal, ved at ein kunne slå graset til fôr og samstundes hauste frukt frå trea. Også inne i tunet vart det planta frukttre på areal der dette var mogleg. Dette er godt bevart i tunet på Otternes, og

er ei god kjelde til kunnskap om den tidlege fruktdyrkinga i Sogn. Det at plantemateriale framleis er bevart, gjer at ein også har moglegheit til å bevare genmaterialet frå dei gamle frukttrea.

Otternes har ein stor opplevingsverdi. Tunet ligg høgt og lett synleg samstundes som det er ope for publikum. Dei mange ulike godt bevarte bygningane, saman med frukthagane og innmarka gjev også dei besøkjande ei estetisk oppleving. Tunet ligg like utanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden og er godt synleg frå verdsarvområdet og gjev såleis ein ekstra opplevingsverdi for dei besøkande til verdsarvområdet.

Tunet har ein høg bruksverdi som bygdetun, men og som attraksjon til dei mange turistane som kvart år kjem til området.

Riksantikvaren støtter fylkeskommunens avgrensing av fredinga. Otternestunet skil seg ut blant mange andre klynge- og rekketun med sin størrelse, og grad av kontinuitet og autentisitet. Otternestunet har vore fylgt av Riksantikvaren sida 1970-tallet, og er trekt fram i fleire kulturhistoriske vurderingar og skildringar av klyngetun på Vestlandet. Riksantikvaren vurderer at freding er rett verkemiddel for å sikre dei store kulturhistoriske verdiane her. At Otternestunet ligg i eit aktivt landbruksområde styrker opplevinga av klyngjetunet i si kontekst. Regjeringa har nyleg lansert ein bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø. Den legg vekt på den førindustrielle gardens bygningar, som treng forsterka bevaringsinnsats og tilrettelegging for vern gjennom bruk. Otternestunet er eit godt døme på ei kulturmiljø som formidlar den vestlandske landbrukshistoria på ein god måte.

Vestland fylkeskommune har i samband med fredingssaka utarbeidd fylldig fredingsdokumentasjon for Otternes. Sjå vedlegga 1A-1F og 2A-2D (vedlegga om interiør er u.off) for utfyllande vurderingar av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget og meir informasjon om dei freda bygningane og områda.

Område freda etter kulturminnelova § 19

Områdefredinga av innmarka har ein oppsluttande verknad for Otternestunet. Det er viktig for å bevare verknaden i miljøet, siktelinar, og vitskaplege interesser knytt til tunet.

Den heilskaplege garden omfatta både innmark og utmark, i tillegg til tunet. Der innmarka tidlegare var prega av teigblanding med ulike åkrar, er den i dag beitelandskap. Då fjorden var ein del av gardsdrifta, er det viktig å bevare samspelet mellom fjorden og tunet. Det er viktig at tunet framleis er omgjeve av innmark slik at heilskapen i samspelet mellom tunet og innmarka framleis er lesbart og at verknaden av tunet omgjeve av innmark vert bevart. Av den grunn skal fredinga etter § 19 bidra til å bevare landskapet kring tunet, og siktelinene mellom tunet og fjorden.

På Otternes har det vore gardsdrift i svært lang tid og det er truleg framleis spor etter denne verksemda i området som er freda. Fredinga etter § 19 skal bidra til å bevare vitskaplege interesser knytt til moglege spor etter denne verksemda. Då spesielt etterreformatoriske spor etter den tidlegare teigdelinga, moglege strukturar knytt til teigdelinga eller ferdsle.

I fredingsprosessen har grunneigarar, kommunen og andre hatt kommentarar til omfanget og føresegner i områdefredinga. Som fredingsmynde skal Riksantikvaren vekta lokale omsyn opp mot nasjonale verneomsyn. Omsynet til eigarar og brukarar sine interesser og behov er eit moment i Riksantikvarens heilskaplege vurdering av freding. Formålet med områdefredinga er å sikre verknaden av klyngetunet i miljøet, med bøane som omgjev tunet. Riksantikvaren deler grunneigaranes haldning om at det må vere mogleg å framleis ha ei funksjonell jordbruksdrift i området freda etter kulturminnelova § 19. I lys av kva som er formålet med områdefredinga, er det ikkje naudsynt å regulere landbruksdrifta, ut over det som trengs for å sikre siktelinjer og opplevingsverdiane av tunet i landskapet. Riksantikvaren vedtar difor fredinga med føresegner som opnar for mindre driftsendringar utan søknad om løyve. Riksantikvaren støtter elles fylkeskommunens avgrensing av fredingsområdet.

Beskriving av kulturminnet

Tunet ligg på Åtnes ved Aurland. Tunet på Otternes er organisert som ein kombinasjon av eit klyngetun og eit rekkjetun. Bygningane i tunet er knytt til fire bruk som i dag vert omtala som Andersgarden, Oddagarden, Guttormgarden og Thomasgarden. Namna er etter tidlegare eigarar. Den særmerkte tunstrukturen med kombinasjonen av både klynge- og rekkjetun viser korleis terrenget har vore med på å forma tunskipnaden. Tunet er særst godt bevart og det har ikkje kome nye bygningar inn i tunet, noko som gjer at det framleis er bevart som eit autentisk fleirbrukstun frå tida før det store hamskiftet.

Bygningane i dagens tun strekkjer seg frå ca. 1700-talet og fram til ca. 1947. Tunet i dag består av til saman 26 bygningar og viser mangfaldet av bygningar som var nødvendig for gardsdrifta og levemåten på ein gard på Vestlandet i tida før utskiftinga. Tunet rommar ulike døme på bygningstypar som stovehus, stabbur, eldhus, stall, fjøs og løer/driftsbygningar. Ved at det er fleire bygningar av same type har tunet også ein variasjon innanfor desse, dette gjeld spesielt stovehus, stabbur, fjøs og løer/driftsbygningar.

Stovehusa i tunet er frå 1700- og 1800-talet. Fleire av stovehusa er ombygde røykstover og viser korleis ein har tilpassa eksisterande hus når ein har skifta eldstadtype. To av desse er bygd om til halvlemstover, som i dag er ein sjeldan bygningstype. Kårstovene på garden er i hovudsak bygd på 1800-talet og både stovene og kårstovene har rom med verdifulle interiør. Stabbura strekkjer seg tidsmessig frå 1700-talet og fram til 1947 i tillegg er dei ulike i storleik og i måten dei er bygd. To av eldhusa er oppført i laft, og to

er oppført i reisverk. Dei lafta eldhusa er noko mindre enn dei i reisverk, og reisverkseldhusa er nyare enn dei i laft. I tunet er det bevart to stallar og to frittståande fjøs i lafta tømmer. I loftsetasjen var det rom for å oppbevare høy. Dei fire store løene/driftsbygningane er med sin storleik dei mest dominerande bygningane i tunet. Alle har ein høg alder og løedelen i dei er svært godt bevart. I Thomasløa er i tillegg interiøret i kyrafjøsene særskild godt bevart.

Eit særtrekk ved tunet er dei høge grunnmurane under husa som vart bygd som fylje av det bratte terrenget tunet ligg i. Dette gjorde det også mogleg å bygge kjellarar under mange av husa. Kjellarane vart dels brukt som lager og dels brukt som fjøs, til dømes er fjølsinnreiinga i kjellaren under Eilertstova framleis bevart.

I tillegg til bygningane, er det bevart fleire frukthagar i og inntil tunet. Hagane har oppmura strukturar i stein som avgrensar dei og gjer dei flatare. I tillegg er det bevart mange gamle frukttre i hagane, samt nokon bærbusker. Noko som viser korleis ein utnytta terrenget til å dyrke der det var mogleg. Dette er òg med på å vise mangfaldet av vekstar som vart dyrka på garden i tidlegare tider. Innmarka var viktig for drifta. Tidlegare bestod den av ei rekkje ulike teigar til dei fire bruka, men etter utskiftinga fekk kvart bruk samla jorda si. Innmarka er framleis brukt til gardsdrift, noko som gjer at den framleis er open og godt bevart.

For nærare skildring av kulturminnet blir det vist til vedlagte dokumentasjon, utarbeidd av Vestland fylkeskommune i samband med fredingssaka.

Tilstand

Vestland fylkeskommune har gjennomført ei tilstandsvurdering av kulturminna freda etter kulturminnelova § 15 i september 2022. Anlegget med bygningar og hage er som heilskap vurdert til å ha TG3.

Det er 26 bygningar som er omfatta av fredinga. Tilstandsgrada til bygningane i tunet varierer mellom TG 1 og TG3. Fleire bygningar har blitt sett i stand i dei seinare åra, men framleis er det mykje arbeid att før heile tunet har TG1. Ei av utfordringane for bygningane i tunet er husbukk. Fleire av bygningane har aktiv husbukk og har fått store skadar som fylje av dette. Det bør setjast i verk tiltak for å finne ei løysing for å hindre vidare husbukkskade på bygningane. I tunet er det fire store løer og tre av dei har behov for istandsetjing. Av desse er det Thomasløa som pr. i dag peikar seg ut som det største istandsetjingsprosjektet. Løa har TG 3 og på grunn omfanget av skader og bygningen sin storleik må ein forvente at fredinga vil medføre ekstra kostnader for staten. Løa sin høge alder og høge grad av autentisitet, samt at den er ein viktig bygning for heilskapen i tunet, er tungvegande moment for at den vert omfatta av fredinga.

Frukthagane inne i tunet er omfatta av fredinga etter § 15. Eksisterande frukttre og bærbusker er viktig historisk plantemateriale og kan ha interessant, gammalt genmateriale. Bakkemurane til hagane har ein ok tilstand. Det er sett i gang eit grundigare kartleggingsarbeid og utarbeiding av ein forvaltningsplan for grøntarealet. Når dette arbeidet er ferdig vil ein få oversikt over eventuelle ekstra kostnader med å ta vare på hagane.

Innmarka er i dag i bruk som beite for småfe og delar av den vert slått. Innmarka bevarast slik den er og medfører ikkje ekstra kostnader.

Vurdering av tilstand og økonomi

Ut i frå gjeldande Norsk Standard EN-NS 16096 vil dette seie at anlegget som heilskap med bygningar og hage har TG3. Dette er basert på at det er fleire store bygningar i tunet som har TG3. Meir informasjon om den enkelte bygning si tilstandsgrad ligg i kulturminnedatabasen Askeladden.

Ut i frå ei samla vurdering reknar Vestland fylkeskommune og Riksantikvaren med at det vil innebere økonomiske meirkostnader for staten å gjennomføre freding av Otternes. Anlegget sin høge verdi som kulturminne etter jordbruket på Vestlandet før det store hamskiftet er etter vår vurdering likevel så tungtvegande at ei freding kan forsvarast sjølv om det inneber økonomiske meirkostnader for staten å gjennomføre ei freding.

Eigedomsforhold

Fredinga etter kulturminnelova § 15 omfattar bygningane og uteområdet til gnr./bnr. 33/42 som er eigd av Stiftinga Otternes bygdetun. Stiftinga Otternes bygdetun overtok eigarskapet frå kommunen i 2024.

Fredinga etter kulturminnelova § 15 omfattar også eit grøntområde på delar av gnr./bnr. 33/3 som er eigd av Erling Vikesland.

Områdefredinga etter kulturminnelova § 19 omfattar delar av fyljande gardsbruk:

- gnr./bnr. 33/1, eigd av Bård Skålnes Bjørgum
- gnr./bnr. 33/3, eigd av Erling Vikesland

I tillegg ligg ein liten del av Åtnesvegen i områdefredinga. Åtnesvegen er umatrikulert.

Riksantikvarens mynde

Myndet til å gjere fredingsvedtak etter kulturminnelova §§ 15 og 19 er delegert frå Klima- og miljøverndepartementet til Riksantikvaren, jf. forskrift om fastsetting av myndigheit mv. etter kulturminnelova § 2 (4).

Fredinga gjerast etter særskilde reglar om saksbehandling jf. kulturminnelova § 22.

Forholdet til anna lovverk

Naturmangfaldlova

Som ein del av saksutgreiinga skal det vurderast om vedtaket er av slik karakter at det kan utgjere risiko for skade på naturmangfaldet. Dette følgjer av naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7. Det er vurdert at fredinga ikkje vil ha negative verknader for naturmangfaldet.

Plan- og bygningslova

Området er i gjeldande kommuneplan sin arealdel (Nasjonal arealplanID: 4641_1421-2009001KPL) regulert til Landbruks,- natur- og friluftsområde. Det er ikkje omfatta av detaljregulering. I høyringsutkastet til kulturminneplan for Aurland kommune er Otternes ein del av den utvalde kulturarven.

Praktisk informasjon

Kontaktinformasjon

Det er Vestland fylkeskommune som har ansvaret for forvaltninga av freda byggverk, anlegg og område. Fylkeskommunen svarer også på spørsmål om fredinga og behandlar søknader om dispensasjonar og tilskott. Ta kontakt med Vestland fylkeskommune på:

- telefon: 05557,
- e-post: post@vlfk.no, eller
- postadresse: Askedalen 2, 6863 Leikanger.

Ansvar for vedlikehald

Eigar eller brukar har ansvar for vedlikehald av dei freda kulturminna og det freda området.

Økonomiske tilskott

Det er høve til å søka fylkeskommunen om tilskott til meirkostnader som følgjer av krav til antikvarisk utføring ved sikring, istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne.

For område freda etter kulturminnelova § 19 er det normalt ikkje rett på tilskott. Det blir normalt heller ikkje gjeve tilskott til freda kulturminne som det offentlege eig. Meir informasjon om tilskott finst på [Riksantikvarens nettsider](#) eller får de ved å kontakte fylkeskommunen.

Bakgrunnen for fredingssaka

Dei kulturhistoriske verdiane på Otternes har lenge vore godt kjende. Allereie i 1975 var spørsmålet om freding oppe til vurdering. I brev til Aurland bygningsråd frå

Riksantikvaren i 1975 uttalte Riksantikvaren at i samband med revisjon av Lov um bygningsfreding vil det bli mogleg å frede heile hussamlingar og omgjevnaden deira og at det er grunn til å tru at Otternes vil vera mellom dei første sakene som vert tekne opp på denne bakgrunnen. I tida etter dette brevet vart sendt, overtok Aurland kommune eigarskapet til bygningane i tunet og det vart sett i gang eit omfattande istandsetjingsarbeid. Etter denne tida har tunet vore drive som bygdetun. Dei kulturhistoriske verdiane har vore godt tatt vare på i samband med istandsetjing og drifta av tunet som bygdetun. Etter at Aurland kommune oppretta Stiftinga Otternes bygdetun og styret der byrja å få oversikt over behovet for istandsetjing og eit formelt vern, vart spørsmålet om freding av tunet tatt opp att. I 2017 vart det løyvd tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 til istandsetjing av Håkonstova og det vart tydeleg at det var behov for ein ny innsats for å setje fleire av bygningane i tunet i stand.

Stiftinga Otternes har lenge vore tydelege ovanfor fylkeskommunen på at dei ynskjer at tunet skulle fredast. Den 29. mai 2019 vart det gjennomført felles synfaring med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Riksantikvaren, Aurland kommune og stiftinga som eit ledd i arbeidet med å vurdere tunet for freding. I brev til Riksantikvaren frå Sogn og Fjordane fylkeskommune av 30. september 2019 bad fylkeskommunen om Riksantikvaren si tilslutning om å starte opp fredingssak for tunet. I brev av 20. mai 2020 gav Riksantikvaren si tilslutning til å starte opp fredingssak for tunet på Otternes samt eit område kring tunet for å sikre verknaden av tunet i landskapet.

Sakshistorikk

Vestland fylkeskommune inviterte Aurland kommune og alle partar som kunne bli omfatta av fredinga til eit informasjonsmøte i Flåm den 25. august 2020. Formålet med møtet var å ha dialog med alle som kunne bli part i saka og informere om kva ei freding inneber, kva fyljer det vil få for eigarar samt å få innspel frå grunneigarane i forkant av at fylkeskommunen skulle sende ut varsel om oppstart av fredingssak.

Melding om oppstart av fredingssak

Eigarar og Aurland kommune fekk i brev av 2. november 2020 frå Vestland fylkeskommune melding om oppstart av fredingssak, jf. kulturminnelova § 22 nr. 1. Melding om oppstart blei samtidig kunngjort i avisene Hordaland og Sogn Avis.

Det blei gjeve ein frist til 4. desember 2020 til å komme med merknader.

Merknader med kommentarar frå fylkeskommunen

Det kom inn i alt 9 merknader til melding om oppstart av fredingssak. Ein av merknadane kom inn etter fristen, men då fylkeskommunen fant det viktig å få inn mest mogleg innspel til saka vart også denne merknaden tatt inn i saka og behandla på same måte som dei som var sendt innan fristen. I tillegg kom Aurland kommune med ein tilleggsmerknad i desember 2021.

Merknadene er her kort gjevne att med kommentarar frå fylkeskommunen:

1. Merknad frå Statens vegvesen

Statens vegvesen viser til riksvegutgreiinga 2019, rute 5c der det vert peika på eit behov for å utbetre sideterreng og vedlikehaldsetterslep på dagstrekningane mellom Håbakken og Gudvangen. Dei meiner at europaveg med sideareal ikkje kan gå inn i fredingssona då dette vil umogleggjere utbetring av vegen. Av omsyn til trafikktryggleik er det allereie i dag behov for ei breiare grøft for å sikre den relativt låge horisontalkurvaturen.

Vidare viser dei til at vegen i fylje veglova har ei byggegrense på 50 meter der området ikkje er omfatta av reguleringsplan. Vegvesenet kan ikkje sjå nokon grunn til at dei skal gå ned på byggegrensa ved dette strekket og krev difor at fredingssona ikkje omfattar E 16 i ein avstand målt til 50 meter frå europavegen sin vegmidte på sørsida av europavegen. På fjordsida/nordsida av vegen kan dei godta ei fredingsgrense på 20 meter målt frå vegmidte då dette er i tråd med gjeldande vedteken reguleringsplan.

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Statens vegvesen sin merknad

I brev til Statens vegvesen av 20. januar 2021 presiserer Vestland fylkeskommune at fredinga etter kulturminnelova § 19 vil vere for å bevare verknaden av kulturminnet Otternes bygdetun i omgjevnadane og beskytte moglege vitskaplege interesser i området. Korleis dette skal gjerast og kva tilpassingar ein vil opne for, vil bli felt ned i føresegnene for fredinga.

Vestland fylkeskommune er ueinig i Statens vegvesen sin påstand om at det vert umogleg å utbetre vegen dersom den vert omfatta av freding etter § 19. Då det i føresegnene for fredinga vil vere mogleg å legge inn rammer for vedlikehald og utbetring av vegen, samstundes som dei kulturhistoriske verdiane i området vert tatt vare på.

Fylkeskommunen ser det som utfordrande å redusere grensa for områdefredinga til 50 m frå midten av vegen og inn mot tunet. Av den grunn vil det i denne saka vere naudsynt at føresegnene for fredinga vert utforma slik at omsynet til vedlikehald og sikkerheit av E16 vert tatt vare på.

Vidare peikar fylkeskommunen på at både Lov om kulturminne og Veglova er særlover som skal ta omsyn til ulike samfunnsinteresser og at det etter fylkeskommunen si vurdering er viktig å finne ein god løysing som tek vare på både dei kulturhistoriske interessene i området og omsynet til framtidig utbetring av vegen. Fylkeskommunen ynskjer ein vidare dialog med Statens vegvesen.

Fylkeskommunen og Statens vegvesen hadde også eit eige møte den 9. september 2021 med vidare dialog om fredinga.

Etter at dokumentasjonsarbeidet med fredingssaka vart ferdigstilt gjorde Vestland fylkeskommune ei ny vurdering av omfanget av områdefredinga. Vestland fylkeskommune valte å redusere omfanget av områdefredinga mot fjorden slik at den no fyl eiegdomsgrensene til gnr./bnr. 33/1 og 3. Dette på grunn av at det i strandsona allereie er gjort svært store inngrep som har ført til at dei kulturhistoriske verdiane i dette området i stor grad er tapt og for å kunne gjere arbeidet med vedlikehald og utbetring av E16 enklare.

2. Merknad frå Ingvar Vikesland

I sin merknad gjev Vikesland ei kort historikk over garden og brukarane. Der han peikar på at den høge autentisiteten i tunet er takka vere tidlegare slekter sitt harde arbeid med gamle og tradisjonelle arbeidsmetodar. Og viser til at den manglande moderniseringa på Otternes var ei fylje av dei som drifta bruka ikkje såg noko framtid for nær familie i garden. Når det gjeld gravplassar i førhistorisk tid for brukarane av Otternes så meiner han at den låg på Fronnes på andre sida av fjorden.

Vidare har han merknadar på omfanget av fredinga etter § 19 som etter hans meining er for stor då den omfattar den finaste innmarka til bruk 3 og hamna med naust i Hellestøi. Det vert også peika på at forslaget til områdefreding berører private eigarar, medan den gamle landingsplassen med allfarvegen opp til hovudvegen og Kråkeviksneset ikkje er omfatta av områdefredinga som foreslått. Han meiner at det freda området ikkje treng å gå lenger ut enn til grensene for bygdetunet.

Vedlagt brevet var det også eit kart der Vikesland hadde korrigert stadnamna.

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Ingvar Vikesland sin merknad

I brev av 11. januar 2021 gav fylkeskommunen tilbakemelding om det automatisk freda gravfeltet på nedsida av tunet som ligg like utanfor området som det var varsla freding for. Det vart også gjeve tilbakemelding på kartgrunnlaget som vart brukt i varsel om oppstart og melding om at dersom han meinte at namn i kartet skulle endrast så måtte han ta kontakt med Statens kartverk.

Når det gjeld omfanget av områdefredinga vart det opplyst om at eit av formålet med denne er å bevare verknaden av kulturminnet i omgjevnadane. I denne samanhengen er siktelinene både ut frå og inn til tunet viktig å ta vare på. Det vart opplyst om at i det vidare arbeidet med fredingssaka ville fylkeskommunen gjere ei nyvurdering på omfanget av freding etter §19.

Ingvar Vikesland deltok også på synfaring den 18. august 2021 der ein saman gjekk igjennom området som var foreslått freda og fredingsomfanget vart drøfta. Vikesland gjentok her at han meinte at området som var foreslått freda var for stort og at det burde reduserast. Spesielt området ved fjorden der det allereie er gjort store inngrep som fylje av bygginga av E 16.

Vestland fylkeskommune gjorde ei ny vurdering om omfanget av områdefreding og i framlegg om freding vart fredinga etter § 19 redusert i forhold til varsel om oppstart. Mellom anna vart grensa mot fjorden trekt på oppsida av vegen slik at strandsona ikkje er omfatta av framlegg om freding.

3. Merknad frå Bård Skålnes Bjørgum

Bjørgum er eigar av bruk 33/1 og driv landbruk med sauer som beitar rundt tunet. Han har ingen merknadar til fredingane av bygningane, men meiner at områdefredinga er altfor omfattande. Han er redd for at fredinga av området rundt tunet vil legge begrensingar på landbruksdrifta. Dagens drift er arbeidskrevjande på bratte og små teigar der mykje må gjerast med handmakt. Det vil difor kunne bli behov for modernisering i framtida med til dømes ny veg, utviding av eksisterande veg, fjerning av stein eller graving av grøft. Vidare stiller han spørsmål med moglegheita for å endre på drifta ved å til dømes satse på frukt eller bær innanfor fredingssona. Bjørgum stiller også spørsmål om det er nødvendig å ha med eit så stort areal som er føreslått.

Vidare er han uroleg for at forslaget til områdefreding kjem tett inn på bustadhuset til gnr./bnr. 33/1, og stiller spørsmål om det vil gjere det vanskelegare å bygge på huset eller sette opp mur i hagen eller andre tiltak. Han ber om at grensa vert justert og legg ved eit kart med forslag til ny avgrensing.

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Bård Skålnes Bjørgum sin merknad

I brev av 12. januar 2021 gav fylkeskommunen tilbakemelding på at bakgrunnen for området som er føreslått freda i medhald av §19 er for å bevare verknaden av Otternestunet i omgjevnadane og å sikre eventuelle vitskaplege interesser i området. Vidareføring av eksisterande landbruksdrift i dette området er etter fylkeskommunen si vurdering ein god måte å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane her. Fylkeskommunen melde at i det vidare arbeidet med fredingssaka ville fylkeskommunen ta med innspela og sjå på omfanget av områdefredinga og søkje å finne gode føresegner for det området som vert freda.

I dette arbeidet er det viktig med dialog og det vart gjennomført ei synfaring den 18. august 2021 der fylkeskommunen fekk meir informasjon frå eigar. På denne synfaringa vart spørsmålet om endring av bruken av området frå beiting til dyrking av frukt og bær drøfta.

Vestland fylkeskommune vurderte i det vidare arbeidet om ei endring av bruken av området frå beiting til dyrking av frukt og bær vil påverke opplevinga av tunet i omgjevnadane og eventuelle vitskaplege interesser. Frukttrær og bærbusker vil etter fylkeskommunen sin vurdering føre til noko endring av innmarka, men dersom ein kan

etablere dette utan å endre vesentleg på terrenget vil ei slik endring av produksjonen kunne gjennomførast.

I framlegg om freding, datert 8. november 2022, var omfanget av områdefredinga på bruk 1 redusert i forhold til melding om oppstart av fredingssak. Mellom anna har grensa for fredingsområdet blitt trekt noko lenger vekk frå huset til gnr./bnr. 33/1 og grensa mot E 16 er trekt lenger vekk frå vegen slik at det flataste arealet nede ved E16 ikkje lenger er omfatta av freding.

4. Merknad frå Laila Kvellestad

I sin merknad viser Kvellestad til ein avtale ho har med Aurland kommune som låg til grunn for henna drift av Otternes, og at denne ikkje kan overdragast einsidig til ei stifting utan den andre part sitt samtykke. Videre er ho glad for initiativet til at Otternes vert freda og peikar på at ei vellykka freding etter henna vurdering er avhengig av at Otternes blir knytt til ei drift som gjev kulturminnet ein plass i samfunnet og med ein tilhøyrande økonomi som sørger for at fredingsformålet blir ivaretatt på ein god måte.

Ho er her oppatt av at det i fredingsutgreiinga også vert gjort ei analyse av moglegheitene for eit forsvarleg vern gjennom god bruk på Otternes og viser til si erfaring som driftsansvarleg på Otternes og dei utgreiingane som ho har fått gjort. Vidare er ho open for å medverke til ei utgreiing av gode løysingar for Otternes.

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Laila Kvellestad sin merknad

I brev av 14. januar 2021 presiserte fylkeskommunen at dei er opptatt av at fredinga både skal ta vare på dei kulturhistoriske verdiane og ha rom for vidare drift av tunet. Eigne analysar om drift av tunet ligg utanfor ramme av fredingssaka og ei slik utgreiing er det Stiftinga Otternes bygdetun som må ta initiativ til og gjennomføre. Dersom dei ynskjer å gjennomføre ei slik analyse vil fylkeskommunen kunne bidra med innspel knytt til omsynet til anlegget sine kulturhistoriske verdier.

5. Merknad frå Erling Vikesland

Vikesland viser til at dei etter jordskiftet fekk lovnad om nøklar til kårstova i Thomasgarden for å kunne bruke denne som eit slags slektsmuseum og at dei no må få ein avtale med stiftinga. Vidare har han nokon merknadar knytt til at Thomasløa er ein driftsbygning med fjøs og rom for sauer og geiter mm. Gravplassen på neset ved fjorden var ukjend for han, men han viser til at det er funne graver på Frondnes på andre sida av fjorden.

Vidare viser han til at den gamle naustvegen ikkje vises på det tilsendte kartet, men at den går frå den gamle naustplassen opp til riksvegen. Nausttomtene er lokalisert ovanfor det høgre hjørnet på kartet og dette skulle vere den ideelle plassen å kome i land for dei som kjem til Otternes sjøvegen. Naustet på Hedleståi ligg innanfor området som er føreslått verna og han viser til at det aldri har vore snakk om at dette skulle vernast og

takast vare på. No er tilstanden på det dårleg og han lurar på kva eit vern vil innebære for restaurering av naustet.

Vidare kommenterer han namn i kartet, Fuglaviki og Kråkaviki og ulike skriveformer og lokale uttalar på desse namna.

Gnr./bnr. 33/3 har eit bustadhus som ligg inne i den varsla områdefredinga, og han informerer om at det ikkje er ferdigstilt til vinterbruk. Han håpar difor at vernet ikkje vil skape unødige komplikasjonar når inngang og vassforsyning med meir skal gjerast ferdig.

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Erling Vikesland sin merknad

I brev av 12. januar 2021 gav fylkeskommunen tilbakemelding om at når det gjeld nøklar og tilgang til kårstova er dette eit privatrettsleg forhold som han må taka opp med Stiftinga Otternes bygdetun. Vidare vart det gjeve tilbakemelding om at ei komande freding ikkje vil ha nokon påverknad på private avtalar om tilgang til bygningane.

Det vart også gjeve opplysingar om det automatisk freda gravfeltet nede ved fjorden like utanfor området som det var varsla oppstart av fredingssak for.

Når det gjaldt naustet i Hedleståi som ligg innanfor området det var varsla freding etter § 19 vart det gjeve tilbakemelding om at sjølv om det ikkje var varsla freding etter § 15 var det eit naust som det var verdt å ta vare på. Samt at dersom det vart omfatta av områdefredinga vil det etter fylkeskommunens vurdering vere ei styrke dersom eigar ynskjer å søkje om tilskot til istandsetjing.

Til Vikesland sine merknadar knytt til namn i kartet vart det opplyst om kva kartgrunnlag fylkeskommunen har nytta og at dersom han ynskde endringar i kartnamna måtte han ta kontakt med Statens kartverk.

Når det gjaldt ferdigstilling av huset til gnr./bnr. 33/3 som allereie er bygd vart det gitt tilbakemelding om at fylkeskommunen pr. i dag ikkje kan sjå at ei freding etter kulturminnelova § 19 skal legge hindringar i vegen for dette. Dette på grunn av at fylkeskommunen reknar med at ferdigstilling av inngang og vassforsyning er tiltak som vert, eller allereie har blitt handsama av Aurland kommune etter plan- og bygningslova.

6. Merknad frå Aurland kommune

Administrasjonen i Aurland kommune gav melding om at når det gjeld avgrensing av området etter kulturminnelova § 19 så meiner dei at E16 er ei naturleg avgrensing. Vidare viser dei til uttale av 23. november 2020 frå Landbrukskontoret. I uttalen frå Landbrukskontoret peikar dei på at bygdetunet ligg i eit aktivt landbruksområde, med planstatus Landbruk-, natur- og friområde. Dei meiner det er svært viktig at det vert teke omsyn til det aktive landbruket i område under planlegging av fredingsforslaget.

Vidare meiner Landbrukskontoret at det vil vere positivt for Otternes bygdetun med aktiv landbruksdrift i området, og det vert difor viktig at dette momentet vert teke med i vidare utforming av vedtektene og omfanget vernet skal ha.

Landbrukskontoret peikar og på at det er viktig for landbruket i Aurland kommune at det ikkje vert lagt unødvendige restriksjonar på dei som ynskjer å produsere mat med aktivt landbruk i kommunen.

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Aurland kommune sin merknad

I brev av 11. januar 2021 gav fylkeskommunen tilbakemelding på Aurland kommune sin merknad og opplyser om at fylkeskommunen tek innspelet med seg i det vidare arbeidet.

I forslag til freding har fylkeskommunen tatt omsyn til tilhøvet til vidare jordbruksdrift innanfor området som er føreslått freda etter §19. Det er viktig at området også i framtida vert nytta til jordbruksdrift og dagens bruk av det til beite tek godt vare på omgjevnadane til Otternestunet.

Når det gjeld endringar i og vidareutvikling av jordbruksdrift viser fylkeskommunen til kommentaren ovanfor til Bård Skålnes Bjørgum.

7. Merknad frå Stiftinga Otternes bygdetun

For stiftinga Otternes bygdetun er det veldig viktig at Otternes etter kvart kan få eit formelt vern gjennom ein fredingsprosess. Dei synes framlegget i melding om oppstart er bra, men har to merknadar på dette stadiet i prosessen.

Stiftinga ber om at det føreslegne fredingsområdet vert utvida til å inkludere eit område innover mot Flåm mellom E16 og strandlinja. Dette av di dette partiet utgjør ei naturleg landskapsform som syner den opphavlege, samanhengande terrengforma frå fjord til tun-området. Lenger sør og nord har fylling i samband med vegbygging endra landskapet ned mot fjorden.

Dei stiller også spørsmål om kva som er grunnen for at det er avvik mellom tunområdet og den føreslegne fredingsgrensa rett sør for Thomasløa.

Dei ser fram til å bidra vidare i fredingsprosessen og peikar på at det er særleg viktig å finne gode løysingar som balanserer framtidig bruk med ivaretaking av kulturminneverdiane på Otternes.

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Stiftinga Otternes bygdetun sin merknad

I brev av 12. januar 2021 opplyste fylkeskommunen om at dei ville ta innspelet til omfanget med i det vidare arbeidet med fredingssaka. Når det gjeld spørsmålet om avgrensinga for områdefredinga søraust for Thomasløa og kvifor den ikkje fyl det raude området i kartet, var tilbakemeldinga at fylkeskommunen her hadde valt å fylje eigedomsgrensene og at det raude området ikkje fyl eigedomsgrensene.

Etter at fylkeskommunen hadde gjennomført dokumentasjon i samband med fredingssaka såg dei at det å fylje eigedomsgrensene i dette området var uheldig, då delar av hagen på austsida av Thomasløa vart berre delvis omfatta av fredinga. I brev av 5. september 2022 meldte Vestland fylkeskommune utviding av fredingsområdet slik at heile hagen på austsida av Thomasløa vart inkludert i forslag om freding. I dette brevet vart og eit område kring tunet med frukthagane føreslått freda etter § 15.

Når det gjeld omfanget av fredinga etter § 19 har fylkeskommunen valt å redusere denne vesentleg frå slik det var varsla. Avgrensinga mot fjorden har no blitt flytta til oppsida av vegen, dette av di området i strandsona har mange store landskapsinngrep frå seinare tid og av omsyn til landbruksdrifta. Stiftinga si føreslegne utviding av området i strandsona er difor ikkje tatt til fylje.

8. Merknad frå Solveig Fossly

Fossly eig gnr./bnr. 33/20 og ber om at denne eigedomen vert teke ut av områdefredinga.

Området på nedsida av E16 er det i dag etablert ein rasteplass og det er store fjellskjeringar mot tunet og fyllingar mot sjøen. På henna fritidseigedom er det meste planert, samt berg som stupar ned i sjøen. Det er ingen tilgang ned til sjøen frå gnr./bnr. 33/20. Ho stiller spørsmål om det er grunnlag for freding av dei omfattande nye naturinngrepa.

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Solveig Fossly sin merknad

I brev av 12. januar 2021 gav fylkeskommunen melding om at dei tok henna innspel vedrørande omfanget av freding etter § 19 med seg i det vidare arbeidet med fredingssaka.

I framlegg til freding, slik det ligg føre no, er henna merknad teken til fylje og gnr./bnr. 33/20 tatt ut av området som er føreslått freda etter § 19.

9. Merknad frå Aurland kommunestyre

Aurland kommune kom med ein tilleggsuttale til omfanget av § 19 freding etter synfaring med fylkeskommunen og grunneigarar 18. august 2021. Deira uttale vart

handsama i kommunestyret i sak 99/21 den 16. desember 2021. Aurland kommunestyre gjorde her fyljande samrøystes vedtak:

«KS-099/21 Vedtak:

Aurland kommune oppfordrar til at arealet for områdefredinga vert vurdert på nytt.

Aurland kommune meiner det er minst konfliktfylt at områdefredinga vert innanfor Otternes bygdetun sitt eige areal gbnr. 33/42

Aurland kommune ynskjer i utgangspunktet at det berre er tunet som skal fredast.

Det må takast omsyn til at den tradisjonelle jordbruksdrifta får drive som vanleg, og det må vera mogleg å utvikle landbruksdrifta vidare.»

I saksutgreiinga vert det lagt vekt på omsynet til jordbruksdrifta og dei viser til uttale av 23. november 2020 frå Landbrukskontoret. Vidare var dei opptatt av at grunneigarane er negative til omfanget av områdefredinga slik den er skissert i varsel om oppstart av fredingssak, og dei er uroa over at fredinga skal gå heilt ned til sjøen, og at den vert for inngripande på den dyrka marka.

I si vurdering av saka skriv rådmannen at Aurland kommune i utgangspunktet er positive til å freda Otternes bygdetun, men at han er uroa for konsekvensane det vil ha for det aktive landbruket med eit så stor områdefreding som varsla. Vidare skriv rådmannen at dersom områdefredinga vert gjeldande landbruksareal, må ikkje fredinga vere til hinder for aktiv drift og utvikling av landbruket og at det då må setjast tydelege vilkår som ikkje hindrar eit aktivt landbruk.

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Aurland kommunestyre sin merknad

Fylkeskommunen er einig med Aurland kommune om at å redusere fredinga til berre å omfatte gnr./bnr. 33/42 vil vere minst konfliktfylt. Problemet med å avgrense fredinga til berre denne eine eigedomen er at ein del av dei kulturhistoriske verdiane til anlegget då ikkje vert omfatta av fredinga og såleis ikkje oppfylle formålet med fredinga slik det er skildra ovanfor. Vidare vil ei freding av berre gnr./bnr. 33/42 ikkje ivareta omsynet til verknaden av tunet i omgjevnadane. Erfaring frå fleire tidlegare fredingar som ikkje har omfatta omgjevnadane til dei freda objekta, er at omgjevnadane vert endra over tid og mykje av konteksten som kulturminnet/kulturmiljøet har stått i har gått tapt.

I stortingsmelding 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken vert det lagt vekt på heilskapen mellom dei enkelte kulturminna og miljøet dei er ein del av, og omgrepet

kulturmiljø vert her innført som eit samleomgrep som omfattar kulturminne, kulturmiljø og landskap. Eit av dei nye måla er at eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk. Framlegg om freding av både tunet og innmarka kring det bidreg såleis til å nå dette målet.

Vidare er aktiv landbruksdrift i området viktig, både for å bevare dei kulturhistoriske verdiane i kulturlandskapet, men og av næringsomsyn for grunneigar. Fylkeskommunen er i denne saka opptekne av å finne ei løysing som tek vare på begge desse omsyna. Dagens landbruksdrift i området tek god omsyn til kulturlandskapet og er med på å bevare omgjevnadane til Otternestunet på ein god måte. I saksutgreiinga frå Aurland kommune vert det ikkje opplyst noko om korleis dei ser for seg den vidare utviklinga av landbruksdrifta. Fylkeskommunen har heller ikkje fått førelagt nokon konkrete planar for vidare utvikling av landbruksdrifta frå eigar, berre spørsmål knytt til eventuell frukt- og bærproduksjon og bygging av landbruksvegar, utan at det har vore konkretisert omfang, plassering og behov for nye installasjonar. Når det gjeld endringar i og vidareutvikling av jordbruksdrift viser fylkeskommunen til sin kommentar ovanfor til Bård Skålnes Bjørgum.

I avgrensinga av omfanget av freding, og i fredingsføresegnene i forslag til freding, har Vestland fylkeskommune balansert omsynet til jordbruksdrifta og omsynet til dei kulturhistoriske verdiane i anlegget.

Ny melding om oppstart av freding

Etter at arbeidet med dokumentasjon av anlegget var ferdigstilt såg Vestland fylkeskommune at det var nødvendig med ei mindre utviding av fredinga på gnr./bnr. 33/3 søraust for tunet for å få med heile frukthagen på oppsida av Thomasløa, samt ruinen av turken. I tillegg vurderte fylkeskommunen frukthagane inne i tunet til å ha ein høg kulturhistorisk eigenverdi og at dei burde bli freda i medhald av § 15. I melding om oppstart av 20. november 2020 vart det informert om at fylkeskommunen ville vurdere freding etter § 15 for hagar/grøntanlegg knytt til dei ulike bruka i tunet. Omfanget av dette var ikkje skissert i kartet som fylgde med dette brevet. Då fylkeskommunen sendte ut ny melding om utviding av fredingsområdet vart det også tatt med ei avgrensing av hagar/grøntområde som dei føreslo freda etter § 15.

Ny melding om oppstart av freding vart sendt den 5. september 2022 til alle partar i saka. Frist for å kome med merknadar vart sett til 30. september 2022.

Merknader med kommentarar frå fylkeskommunen

Det kom inn i alt 3 merknader til ny melding om oppstart av fredingssak.

Merknadene er her kort gjevne att med kommentarar frå fylkeskommunen:

1. Merknad frå Bård Skålnes Bjørgum og Lene Engvik Rasch

I merkningen frå Bjørgum og Rasch opplyser dei at dei driv aktivt landbruk med slått og beite av alt areal rundt tunet. Dei har framleis ingen merkningar til fredinga av sjølv tunet, men meiner at områdefredinga er alt for omfattande. Dei trur områdefredinga vil legge begrensingar på landbruksdrifta deira.

Dei opplyser vidare om at dei ikkje veit kva produksjon som er aktuell i framtida og stiller spørsmål ved korleis det vert handsama dersom ein i framtida vil starte opp med produksjon av frukt og bær sjølv om det er opning for det i forhold til fredinga.

Når det gjeld omtalen av landbruksvegar i varselet så tolkar dei det til at dei kan bygge dei vegane dei måtte ynskje innanfor områdefredinga, ut i frå at dei meiner at alle vegar må tilpassast landskapet.

Dei meiner vidare at fredinga berre bør omfatte arealet som høyrer til tunet og fylje eigedomsgrensa. Ei større områdefreding vil etter deira syn vere negativt for drifta dei har rundt tunet.

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Bård Skålnes Bjørgum og Lene Engvik Rasch sin merknad

Før nytt varsel om freding vart sendt ut hadde Vestland fylkeskommune allereie redusert områdefredinga på gnr./bnr. 33/1 sitt areal. Denne reduksjonen var gjort mellom anna på bakgrunn av innspel frå eigar og av omsyn til landbruksdrifta. Områdefredinga slik den er føreslått er teikna opp med omsyn til at tunet også i framtida skal ligge i eit ope jordbrukslandskap. Dette for at konteksten som tunet står i skal bli bevart.

Fylkeskommunen har og forsøkt å tilpasse fredingsføresegnene slik at det skal vere mogleg å endre driftstype. Då det ikkje ligg føre konkrete planar for endring av landbruksdrifta i området som er føreslått freda i medhald av kulturminnelova § 19 har ikkje fylkeskommunen moglegheit til å ta høgde for dette i føresegnene.

Fylkeskommunen la difor ein generell formulering knytt til endring av landbruksproduksjon i området som er føreslått freda i medhald av § 19 i fredingsføresegnene.

Når det gjeld nye vegar innanfor områdefredinga vil det måtte handsamast som ein dispensasjon frå vedtak om freding og dei må tilpassast landskapet. Dette er tatt inn i fredingsføresegnene.

Fylkeskommunen viser elles til deira kommentarar ovanfor til Bård Skålnes Bjørgum sin merknad til første varsel om oppstart av freding.

2. Merknad frå Ingvar Vikesland

Ingvar Vikesland var i sin merknad positiv til at området nedanfor E 16 var tatt ut av fredinga.

3. Merknad frå Stiftinga Otternes bygdetun

Stiftinga gjorde den 5. oktober 2022 fyljande vedtak i sak 4-2022 Fredingssaka – ny høyring:

«Styret stadfester stiftinga sitt positive syn på at Otternes vert freda. Dette vil vere eit særskilt viktig grep for at Otternes vert sikra for framtida.»

Vestland fylkeskommune sin kommentar til Vikesland og Stiftinga sine merknader

Vestland fylkeskommune har ingen kommentarar til disse merknadene.

Fredingsforslag på offentlig ettersyn

Vestland fylkeskommune utforma deretter eit fredingsforslag på bakgrunn av melding om oppstart, den nye meldinga om oppstart og dei innkomne merknadene. Dette blei 8. november 2022 sendt på høyring til partar dette gjeld, jf. kulturminnelova § 22 nr. 2. Samtidig blei det kunngjort i avisene Hordaland og Sogn Avis, samt Norsk lysingsblad, at fredingsforslaget var lagt ut til offentlig ettersyn i Aurland kommune og Vestland fylkeskommune.

Det blei gjeve ein frist til 16. januar 2023 til å komme med merknader.

Merknader med kommentarar frå fylkeskommunen

Det kom inn i alt 6 merknader til fredingsforslaget. Ein merknad til forslag om freding kom inn etter fristen. Fylkeskommunen valte å handsame denne merknaden på same måte som dei merknadane som kom innan fristen.

Merknadene er her kort gjevne att med kommentarar frå fylkeskommunen:

1. Merknad frå Stiftinga Otternes bygdetun (gnr./bnr. 33/42)

Stiftinga Otternes bygdetun viser til at det var gnr./bnr. 33/9 som opphavleg vart stilt disposisjon til formålet med stiftinga og gjekk inn i stiftinga sin grunnkapital og ber om at dette vert referert i fredingssaka. Dei meiner også at det ikkje er korrekt at eigedomsretten ligg hjå stiftinga, men at det er disposisjonsretten til eigedomen som ligg hjå stiftinga.

Fylkeskommunen sin kommentar til merknad frå styreleiar i Stiftinga Otternes bygdetun

På bakgrunn av innspellet frå styreleiar i Stiftinga Otternes bygdetun har fylkeskommunen justert omtalen av eigarskapen til tunet.

2. Merknad frå Bård Skålnes Bjørgum og Lene Engvik Rasch (gnr./bnr. 33/1)

Dei er næraste naboar til Otternestunet og driv aktivt landbruk med slått og beite av arealet rundt tunet. Dei viser til tidlegare innspel og er framleis redd for at områdefredinga vil legge begrensingar på landbruksdrifta deira. Vidare meiner dei at fylkeskommunen har tatt for lite omsyn til deira innspel. Dei meiner at punkta i fredingsføresegnene som er tatt inn vedrørande landbruksdrift ikkje er gode nok og ikkje gjev dei nokon garanti for at dei skal kunne få bestemme over drifta i framtida. Punkta er ikkje godt nok for dei då dei i dag ikkje veit kva produksjon som kan vere aktuell i framtida. Vidare peiker dei på at fredinga vil legge beslag på deira areal utan at dei får nokon fordel av det.

Til fredingsføresegnene punkt 8 [merknad: nå punkt 7] der ein mellom anna nemner gjerde, planering, utfylling med meir peikar dei på at dette er tiltak som er naudsynt for å kunne oppretthalde landbruksdrifta. Vidare viser dei til at det i avsnittet om grøntareal i kapittelet om økonomiske konsekvensar og peikar på at det har ein kostnad for dei å drive arealet, og at den dagen ingen vil drive det vil det få ein kostnad for det offentlege viss det skal haldast i hevd.

Dei meiner framleis at det er dårleg gjort å verne arealet deira og ta i frå dei råderetten over det utan at dei får noko som helst tilbake.

Fylkeskommunen sin kommentar til merknad frå Bård Skålnes Bjørgum og Lene Engvik Rasch

Fylkeskommunen har i framlegg om freding redusert omfanget av freding samt freista å tilpasse fredingsføresegnene slik at det skal vere rom for anna type drift enn det som er der i dag, samstundes som dei kulturhistoriske verdiane vert tatt vare på. Dette basert på tidlegare tilbakemeldingar frå eigar. Fylkeskommunen registrerer at Bjørgum og Rasch ikkje er einige i at det er tatt tilstrekkeleg omsyn til deira merknadar. I merknaden kjem det ikkje fram nokon nye opplysingar og fylkeskommunen har difor valt å la formuleringane stå slik det var i høyringsframlegget.

Når det gjeld merknad til fredingsføresegnene punkt 8. [Riksantikvarens merknad: nå pkt. 7] gjer fylkeskommunen merksam på at dette gjeld ved nye tiltak. Fylkeskommunen vil presisere at vanleg vedlikehald av eksisterande infrastruktur knytt til landbruksdrifta ikkje krev dispensasjon frå fredinga etter kulturminnelova § 19. Når det gjeld kostnadar knytt til drift av området, er dette noko eigar kan søkje om tilskot til. Fylkeskommunen

har i andre tilfelle ytt tilskot til skjøtsel av kulturlandskap som er freda i medhald av kulturminnelova § 19 for å bevare verknaden av kulturminnet i omgjevnadane.

3. Merknad frå Ingvar Vikesland (gnr./bnr. 33/14, 23 og 26)

Vikesland viser til sin kommentar til førre høyring ved oppstart av prosessen. I tillegg kjem han med meir opplysingar knytt til drifta av garden og gards- og stadnamnet. Han viser til at gardsnamnet Otternes sin skrivemåte finn ein nærast uendra frå 1700-talet og fram til i dag, då skrivemåten Åtnes har blitt den offisielle skrivemåten av namnet.

I merknaden meiner Vikesland av kulturverdien på Otternes, gard og bygdetun, er bygd opp av folket som har budd og arbeida her. Der deira kunnskap vart formidla frå generasjon til generasjon og ligg til grunn for fredinga. På Otternes var det lite tilvekst i folket med barnlause eigarar på to av bruka og med påfølgjande manglande optimisme for framtida vart det gjort lite endringar. Vikesland meiner at det er god grunn til å glede seg over satsinga på restaurering og at dette arbeidet vert gjort på ein solid måte.

I tillegg kjem Vikesland med fleire opplysingar knytt til fredingsdokumentasjonen.

Fylkeskommunen sin kommentar til merknad frå Ingvar Vikesland

Vestland fylkeskommune takkar for dei nye opplysingane og har innarbeida dei i fredingsdokumentasjonen.

4. Merknad frå Erling og Svein Håkon Vikesland (gnr./bnr. 33/3)

Vikesland er negativ til at sommarhuset deira på gnr./bnr. 33/3 er omfatta av fredinga. Dei opplyser om at eigedomen har vore inngjerda dei 50 åra dei har hatt den og at dei ynskjer å ha eigedomen kring huset som eit eige bruksnummer. Dei har til no ikkje fått gjennomslag av kommunen for frådeling av eigedomen. Vidare peikar dei på at huset er bygd på 1980-talet og meiner at det ikkje er noko fredingsobjekt. Huset har behov for omfattande vedlikehald samt ferdigstilling av huset, platting ved inngang og parkeringsplass på tomte.

Fylkeskommunen sin kommentar til merknad frå Erling og Svein Håkon Vikesland

I forslag om freding er huset på gnr./bnr. 33/3 berre omfatta av freding etter kulturminnelova § 19. Formålet med freding etter § 19 er å bevare verknaden av Otternestunet i omgjevnadane. Det er ikkje foreslått noko objektfreding av huset på gnr./bnr. 33/3, då fylkeskommunen har vurdert at det ikkje har nokon kulturhistorisk verdi i seg sjølv. Ei freding etter § 19 vil ikkje vere til hinder til nødvendig vedlikehald og ferdigstilling av huset i tråd med byggeløyve frå Aurland kommune. Nye større tiltak som det ikkje allereie er gjeve løyve til frå Aurland kommune vil ein måtte handsame som dispensasjon frå fredinga etter kulturminnelova § 19.

5. Merknad frå Stiftinga Otternes bygdetun (gnr./bnr. 33/42)

Stiftinga Otternes bygdetun er positive til at anlegget endeleg kan få eit formalisert vern. Dei peikar også på at ideelt sett burde fredingsområdet femna heilt frå fjorden, via innmarka, klyngetunet med hagar, skogen, stølane og heilt opp til høgfjellet. Dette for å få synleggjort dei naudsynte ressursane som til saman utgjorde dette bratte, førindustrielle kulturlandskapet som var nødvendig for at dei som budde der kunne skaffe seg eit utkome over eit langt tidsspenn. Dei meiner at eit større omfang av fredinga hadde vore viktig då deira eigedom er blitt vesentleg mindre enn den opphavlege eigedomen som var tiltenkt stiftinga.

Stiftinga held på med å utarbeide planar for den vidare bruken av tunet med kafé-/restaurantdrift, formidlings- og omvisingstilbod, samt overnattingsmoglegheiter i tunet. Dette for å generere inntekter til å dekke dei løypande kostnadane. I denne samanhengen meiner dei det er avgjerande å framforhandle ein samarbeidsavtale med Aurland kommune vedrørende finansiering av eigenandel til vedlikehald av bygningar og infrastrukturen knytt til vatn, sanitær og brannsikring.

Dei ser fram til å bidra vidare i prosessen og å finne gode løysingar som balanserer bruken og vernet av dei store kulturminneverdiane på Otternes.

Fylkeskommunen sin kommentar til merknad frå Stiftinga Otternes bygdetun

Fylkeskommunen har forståing for argumentasjonen om eit større fredingsområde som gjekk frå fjorden og opp til høgfjellet for å kunne vise heilskapen i driftsgrunnlaget og levemåten til dei som budde på Otternes. I dag er mykje av strandsona vesentleg endra som fylje av bygginga av E16 og dei kulturhistoriske verdiane i dette arealet er i stor grad tapt, noko som gjer at det ikkje er grunnlag for å frede arealet på nedsida av E16. I området utanfor det føreslegne fredingsområdet er det kome til nye gardstun, bustadhus og veg som ikkje har nokon kulturhistorisk verdi, samstundes som dei er med å forringa området sin verdi som innmark/utmark kring Otternestunet. Omfanget av fredinga slik det ligg føre i forslag om freding er avgrensa til å omfatte tunet, hagane og den næraste innmarka som har få nyare endringar. Vestland fylkeskommune vurderer dette til å vere tilstrekkeleg til for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane i tunet.

Når det gjeld merknaden om eigedomsforhold og forhandlingar mellom stiftinga og Aurland kommune er dette eit privatrettsleg forhold som ikkje vedkjem forslag om freding. Fylkeskommunen har difor ingen kommentarar til dette punktet.

Vestland fylkeskommune har ein god dialog med Stiftinga Otternes bygdetun vedrørende deira planar for å vidareutvikle tunet. I omfanget av fredinga og fredingsføresegnene har fylkeskommunen freista å balansere forholdet mellom bruk og vern slik at det skal vere mogleg å finne ein god bruk av tunet. Fylkeskommunen ser fram til vidare dialog vedrørende bruken av tunet.

6. Merknad frå Statens vegvesen

Statens vegvesen viser til at grensa for verneområdet er lagt i eigedomsgrensa på austsida av E16 og at statleg veggrunn såleis ikkje inngår i det freda området. Dei har ikkje merknadar til at det vert gjort vedtak om freding av Åtnes/Otternes.

Fylkeskommunen sin kommentar til merknad frå Statens vegvesen

Vestland fylkeskommune har ingen kommentarar til Statens vegvesen sin merknad.

Politisk behandling i fylkeskommunen

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune handsama forslag om freding av Otternes på møtet 19. januar 2023 der dei i sak PS 10/2023 gjorde fyljande vedtak:

- «1. Hovudutvalet er positive til forslag om freding av Otternestunet i Aurland kommune då det tek vare på dei kulturhistoriske verdiane i tunet på ein god måte.
- 2. Hovudutvalet ber avdelingsdirektøren følge opp høyringsframlegget og kome attende med endeleg forslag om freding når høyringsmerknadane er vurderte og Aurland kommune har handsama fredingsforslaget i kommunestyret.»

Politisk behandling i og vedtak frå kommunen

Vestland fylkeskommune oversendte forslag om freding, med kopi av høyringsutsegnene til Aurland kommune den 7. februar 2023 for handsaming i kommunestyret. Aurland kommunestyre handsama forslag om freding i sitt møte den 15. juni 2023 i sak KS-024/23 der dei gjorde fyljande vedtak:

«Aurland kommune er positive til forslaget om freding av Åtnes/Otternes gnr./bnr. 33/42 og delar av 33/1 og 33/3 i Aurland kommune, men med fylgjande merknader i fredingssaka:

- 1. Eigarskap: Når det gjeld merknaden vedrørande eigedomsforhold og forhandlingar mellom stiftinga og Aurland kommune, understrekar kommunedirektøren at dette er eit privatrettsleg forhold som ikkje vedkjem forslaget om freding.
- 2. Områdeinndelinga: Aurland kommune tilrår at fredingsområdet vert innskrenka og at det følgjer linjene slik det er teikna på vedlagt kart frå kommunen, datert 12.05.23. Freding etter §19 er innskrenka og merka med blått på kartet. Området med freding etter §15 er uendra og merka med gult på kartet.
- 3. Fredingsføresegner: For landbruksareal som er innanfor fredinga etter kulturminnelova §19, ynskjer kommunen slik formulering på pkt. 8, 9 og 10:

pkt. 8. [Riksantikvarens merknad: nå pkt. 7] Innanfor det freda området må det ikkje verte sett i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter eller på anna måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for busetnad, anlegg, utviding av veg eller parkeringsplass, og andre vesentlege landskapsinngrep. Kulturmiljøstyresmakta kan gje dispensasjon til etablering av nye landbruksveggar dersom det er nødvendig for å oppretthalde landbruksdrifta og at dei vert tilpassa landskapet på ein god måte.

pkt. 9. [Riksantikvarens merknad: nå pkt. 8] Fredinga skal ikkje vere til hinder for eksisterande gardsdrift. Ved endring av produksjon på jordbruksarealet skal omsynet til dei kulturhistoriske verdiane vektleggast. Endring av produksjon som ikkje er i tråd med godkjend forvaltningsplan, skal godkjennast av kulturmiljøstyresmakta, ved søknad om dispensasjon.

pkt.10. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan for området. Planen skal utarbeidast i samarbeid med grunneigar og landbruksforvaltninga i kommunen. Planen skal godkjennast av kulturmiljøstyresmakta. Forvaltningsplanen skal innehalde retningslinjer for bruk, vedlikehald og eventuell tilbakeføring. Planen må rullerast.

Aurland kommune forventar at det vil bli offentlege midlar tilgjengeleg, for å halda både bygningar og landskap i god hevd. »

Vestland fylkeskommune sine kommentarar til Aurland kommunestyre

Vestland fylkeskommune er samd med kommunestyret i at forhandlingar mellom Stiftinga Otternes bygdetun og Aurland kommune er eit privatrettsleg forhold som ikkje vedkjem fredingssaka. I fredingssaka vert det berre vist til eigar og rettshavarar, samt referert innkomne merknadar.

Fylkeskommunen er ueinige med Aurland kommunestyre når det gjeld omfanget av den føreslegne § 19 fredinga. Siktelinene frå tunet og ut mot fjorden er viktige for opplevinga av tunet. I tillegg er det eit behov for å ha eit tilstrekkeleg areal kring tunet for å kunne bevare verknaden av det i omgjevnadane. I andre fredingssaker ser fylkeskommunen at manglande og ein for liten § 19 freding kan få store negative konsekvensar for forståinga og opplevinga av eit freda kulturmiljø samt bevaringa av omgjevnadane i eit langsiktig perspektiv. Fylkeskommunen har allereie gjort vesentlege innskrenkingar av omfanget av fredinga, samstundes har fylkeskommunen justert fredingsføresegnene slik at ein etter fylkeskommunens vurdering tek tilstrekkeleg omsyn til vidare landbruksverksemda. I verken saksutgreiinga eller vedtaket kjem det fram nye opplysingar som tilseier at grensene for § 19 fredinga bør reduserast ytterlegare.

Vestland fylkeskommune er opptekne av ein god balanse mellom bruk og vern i fredingsføresegnene. Samstundes er fylkeskommunen opptekne av at fredingsføresegnene skal vere tydelege og enkle å forholde seg til. Aurland kommunestyre sitt forslag til justering av fredingsføresegn pkt. 8 [Riksantikvarens merknad: nå pkt. 7] gjer at den etter fylkeskommunens vurdering ikkje vert tydeleg nok og kan skape usikkerheit om kva tiltak ein må søkje om løyve til og kva tiltak ein ikkje treng å gjere dette. Av den grunn vert ikkje fredingsføresegn pkt. 8 endra.

Aurland kommunestyre ynskjer også at fredingsføresegn pkt. 9 [Riksantikvarens merknad: nå pkt. 8] vert endra og at ein her viser til tiltak som skal tydeleggjerast i ein forvaltningsplan. Eit fredingsvedtak skal stå på eigne bein og ein kan ikkje vise til eit dokument som pr. i dag ikkje eksisterer. Av den grunn har ikkje fylkeskommunen endra fredingsføresegn pkt. 9.

Når det gjeld endringar i fredingsføresegnene pkt. 10 føreslår Aurland kommunestyre at ein skriv at det «skal utarbeidast ein forvaltningsplan» i staden for at det står at det «kan utarbeidast ein forvaltningsplan». Då det ikkje er nokon heimel til å pålegge eigar å utarbeide ein forvaltningsplan kan fylkeskommunen ikkje nytte nemninga «skal». Difor vert nemninga «kan» ståande. Vidare føreslår Aurland kommunestyre at det skal takast inn setninga «Planen skal utarbeidast i samarbeid med grunneigar og landbruksforvaltninga i kommunen.» Vestland fylkeskommune har vurdert dette til ei god presisering av føreseigna og denne er tatt inn i forslag til freding.

Når det gjeld offentlege midlar til vedlikehald av bygningar og skjøtsel av landskap er det dei til ein kvar tid tilgjengelege tilskotsordningane som styrer dette. I dag er det tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige som er den mest relevante tilskotsordninga for Otternes.

Politisk behandling i fylkeskommunen

Forslaget om freding vart handsama av hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune i deira møte 20. september 2023 der dei i sak PS 92/2023 gjorde fyljande vedtak:

"Vedtak

1. Hovudutvalet er positive til framlegg om freding av tunet på Otternes/Åtnes i Aurland kommune.
2. Vestland fylkeskommune sender forslaget om freding over til Riksantikvaren og ber om at det vert gjort vedtak om freding av Åtnes/Otternes i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19."

Riksantikvarens behandling av fredingssaka

Forslag om freding med politisk vedtak blei oversendt frå Vestland fylkeskommune til Riksantikvaren 25. september 2023. Riksantikvaren har vore i dialog med fylkeskommunen, eigar av tunet og kommunen. Riksantikvaren har vore på synfaring på Otternes i samband med fredinga i mai 2019 og august 2022.

Riksantikvaren har på sjølvstendig grunnlag gjennomgått fredingsforslaget som Vestland fylkeskommune har utarbeidd og oversendt oss for endeleg behandling. For fredinga av tunet verkar det å være full semje. Vi registrerer at fredinga av innmarka i § 19-området har nokre problemstillingar som ikkje fullt ut ser ut til å være løyst i fredingsforslaget. I vår gjennomgang har vi etter vurdering av omsynet til kulturmiljøet og bruken, samt grunneigars og kommunens merknader i saka, gjort nokre endringar i føresegna til områdefredinga.

Riksantikvarens behandling av fredingas omfang og formål

I omfanget av områdefredinga er vegetasjon og strukturar tatt ut. Grunngeving: Riksantikvaren vurderer ut det ut frå formålet med områdefredinga blir for strengt at vegetasjon og strukturer er freda. Dette heng òg saman med endringar vi har gjort i fredingsføresegna.

Riksantikvarens behandling av fredingsføresegna

Riksantikvaren har gjort følgjande endringar i føresegna:

- Føresegn i pkt. 6 er endra frå "frukthagane" til "hagane", slik at det samsvara med omfanget av fredinga der det står at fredinga omfattar hagar med frukttre osv.
- Tidlegare pkt. 7 og 10 om forvaltingsplan for §§ 15 og 19 er tatt ut frå føresegna. Grunngeving: Kulturmiljøstyresmakta har ikkje heimel til å påleggje private å lage ein forvaltningsplan. Dette punktet er i staden lagt inn som eige kapittel i brevet. Vi meiner det bør utarbeidast forvaltnings-/skjøtselsplan og oppfordrar partane til å utarbeide ein forvaltningsplan for tunet og områda. Det er òg positivt at kommunen ved landbruksforvaltninga ynskjer å delta i arbeidet.
- I pkt. 7 (tidlegare pkt. 8) er det gjort følgjande endringar:
 - I første setning er "bruksendringar" tatt ut. Grunngeving: I fredingsvedtaket etter § 19 kan Riksantikvaren forby eller på annan måte regulere verksemd og ferdsel i fredingsområdet som er egna til å motvirke føremålet med fredinga. Det er ikkje heimel til generelt å forby bruksendring, utan å knyte det til ein spesifikk verksemd.
 - I andre setning er følgjande tatt ut av oppramsinga: "... oppsetjing av gjerde, skilt, endring av planting eller belegg...". Grunngeving: Denne endringa heng saman med at Riksantikvaren har på visse forutsetningar opna for at gardsdrifta kan endrast utan at det trengs løyve. Disse tiltaka må difor også være tillat.

- I pkt. 8 (tidlegare pkt. 9) er det gjort ei større endring, der Riksantikvaren har opna opp for at det kan gjennomførast mindre driftsendringar utan søknad om løyve, dersom dette ikkje endrar den visuelle opplevinga av og dei kulturhistoriske verdiane til det freda tunet. Grunngeving: Riksantikvaren deler grunneigaranes haldning om at det må vere mogleg å framleis ha ei funksjonell jordbruksdrift i området freda etter kulturminnelova § 19. I lys av kva som er formålet med områdefredinga, er det ikkje naudsynt å regulere landbruksdrifta, ut over det som trengs for å sikre siktelinjer og opplevingsverdiane av tunet i landskapet.
 - Teksten slik den var i fredingsforslaget:

"Fredinga skal ikkje vere til hinder for eksisterande gardsdrift. Ved omlegging av gardsdrifta skal omsynet til dei kulturhistoriske verdiane vektleggast. Planting av nye vekstar som til dømes bærbusker eller frukttrær kan gjennomførast dersom kulturminnestyresmakta gjev dispensasjon frå vedtak om freding."
 - Ny tekst:

"Fredinga skal ikkje vere til hinder for eksisterande gardsdrift. Omlegging av gardsdrifta som ikkje vil endre den visuelle opplevinga av og dei kulturhistoriske verdiane av det freda tunet, til dømes planting av bærbusker eller frukttre, treng ikkje løyve. "

Moglegheit til å klage på vedtaket

Vedtaket om freding kan påklagast innan tre veker frå mottakinga. Eventuell klage blir send til Riksantikvaren. Viss klaga ikkje blir teken til følge, sender vi klaga til Klima- og miljødepartementet for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

Tinglysing

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5.

Helsing

Hanna Geiran
riksantikvar

Anne Judith Munthe Kaas
avdelingsdirektør

Brevet er elektronisk godkjend

Vedlegg:

Planteikningar Otternes

1A Dokumentasjon til fredingssak

1B Foto av tunet i dag

1C Foto av Andersgarden - eksteriør

1D Foto av Oddagarden - eksteriør

1E Foto av Guttormgarden - eksteriør

1F Foto av Thomasgarden - eksteriør

2A Andersgarden – interiør (u.off)

2B Oddagarden – interiør (u.off)

2C Guttormgarden – interiør (u.off)

2D Thomasgarden – interiør (u.off)

Dispensasjonsveileder

Kopi til: Aurland kommune, Vangen 1, 5745 AURLAND/ Klima- og
miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO/ Vestland fylkeskommune,
Postboks 7900, 5020 BERGEN

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Bård Skålnes Björgum			
Erling Vikesland			
Stiftinga Otternes bygdetun		c/o Jon E. TamnesØyragata 9	6887 LÆRDAL